

Samarbeidsutvalet

Valen skule

5451 Valen

### Vedtekter for samarbeidsutvalet (SU) ved Valen skule

#### Oppgåve

- Hovudmålet er å vera med og gjera kvardagen betre for borna på skulen.
- Å gi råd til administrasjonen på skulen i spørsmål om verdival og andre viktige vegval i pedagogiske og praktiske spørsmål.
- Å arbeida for god kontakt mellom barnehagen og skulen og mellom eininga og lokalsamfunnet.

#### Val av medlemmer til utvalet

- Foreldre, tilsette og elevråd vel kven dei ynskjer skal sitja i samarbeidsutvalet.
- Valen skule har søkt om dispensasjon frå opplæringslova § 11-1, for å få eit funksjonelt utval.
- Talet på medlemmer er 10, og samansetjinga er som det går fram av vedlegget.

#### Rettar

- Samarbeidsutvalet skal behandla saker som er viktig for innhald, drift og tilhøve til foreldra.
- Døme kan vera budsjett, endringar i drift og vilkår, utviklingsarbeid og utnytting av areala ute og inne.
- Leiar og nestleiar i eininga har rett til å møta, tala og komma med framlegg.

#### Funksjonstid

- Representantane vert til vanleg valde kvar haust og fungerer eitt skuleår. Ein av foreldrerepresentantane og to av dei tilsette bør sitja i to år. Skuleeigar sine representantar føl valperioden.

#### Konstituering

- Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast leiar, nestleiar og skrivar.

#### Saker/møte

- Alle deltagande partar kan melda saker til SU. Det bør vera minst eitt møte pr semester.

#### Avstemming

- Dersom det kjem til avstemming i utvalet, har kvar representant ei stemme og vanleg fleirtalsvedtak gjeld. Ved likt stemmetal, har leiaren dobbeltstemme.

#### Tilhøvet til eigar

- Samarbeidsutvalet skal sjå til at eininga driv innanfor lover og forskrifter og gjeldande budsjett og vedtekter. Avvik skal rapporterast til eigar, eventuelt til fylkesmannen.